


Forskrift om ordensreglement for grunnskulen



KVINNHERAD KOMMUNE

Innholdsliste

		side
1.0	Innleiing	1
1.1	Heimel	1
1.2	Innhald og virkeområde	1
	Skulane sitt eige ordensreglement	1
2.0	Formål, rettar og pliktar for elevane	1
2.1	Formål	1
2.2	Rettar	2
2.3	Plikter	2
3.0	Reglar og sanksjonar	2
3.1	Reglar for orden og åtferd	2
3.2	Sanksjonar	3
	3.2.1 Tiltak mot brot på ordensreglementet	3
	3.2.2 Bortvising	3
	3.2.3 Flytting av elev til annan skule	4
3.3	Konkrete regelbrot og sanksjonar	4
	3.3.1 Fråver	4
	3.3.2 Mobbing og valdeleg åtferd	5
	3.3.3 Farlege gjenstandar	5
	3.3.4 Rusmiddel	5
	3.3.5 Ransaking	5
	3.3.6 Hærverk/skadeverk	5
	3.3.7 Mobiltelefon og kamera	6
	3.3.8 Internett	6
	3.3.9 Fusk	6
	3.3.10 Straffbare forhold	6
4.0	Fastsetting av karakterar i orden og åtferd	7
5.0	Sakshandsaming	7
6.0	Iverksetting	8

Kapittel 1 Innleiing

1.1 Heimel

Med heimel i lov av 17.juli 1998 nr.61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, [Opplæringslova §2-9, Ordensreglement og liknande](#), har komité for oppvekst, kultur og idrett, i samsvar med Kvinnherad kommune sitt delegasjonsreglement, den 25.01.2011, vedteke felles ordensreglement for grunnskulane i Kvinnherad.

1.2 Innhald og virkeområde

Ordens-og åtferdsreglementet omfattar alle grunnskular i kommunen, skulefritidsordninga (SFO) medrekna.

Reglementet inneheld reglar for orden og åtferd, reglar for kva for tiltak som skal nyttast ved brot på reglementet (sanksjonar), og reglar for framgangsmåten når slike saker skal handsamast (sakshandsamingsreglar).

Ordensreglementet byggjer på Opplæringslova med forskrifter, og er ei utdjuping og presisering av desse.

Skulane har ansvar for elevane i undervisning, friminutt, arrangement, ekskursjonar med meir, der skulen har tilsyn for elevane. Dette vil seie at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, i fellesrom, uteområde, på turar og i SFO.

Ordensreglementet for den enkelte grunnskule gjeld også på skulevegen.

1.3 Skulane sitt eige ordensreglement

I tillegg til eit felles ordensreglement for grunnskulen i Kvinnherad, skal den enkelte skule utarbeide sitt eige reglement for trivsel, orden og åtferd, samt sanksjonar ved brot på reglane. Skulen sitt reglementet skal ta utgangspunkt i lokale forhold, og særleg sikre at skulen har rutinar og prosedyrar for å ivareta elevane sitt psykososiale skulemiljø.

Den enkelte skule kan i tillegg ha reglar om td. ordensteneste, opphaldsreglar, sykling til skulen [Forskrift til Opplæringslova §12-1 d. Tryggleik for elevane](#), eller andre spesielle forhold.

Alle rådsorgan ved skulen skal delta i utforminga av det lokale reglementet.

Ved eventuell motstrid vil opplæringslova og det felles ordensreglementet gjelde framfor det lokale reglementet.

Kapittel 2 Formål, rettar og plikt for elevane

2.1 Formål

Skulane i Kvinnherad skal vere prega av eit konstruktivt samarbeid mellom elevar, føresette og tilsette på skulen. Elevane skal lære å sjå seg sjølv som medansvarlege for eit godt fellesskap, prega av trivsel og respekt.

Ordensreglementet er eit verkemiddel for å nå denne målsettinga. Ordensreglementet tar utgangspunkt i at skulen er til for elevane, og at elevane ønskjer å bruke sine positive ressursar til å nå målsettinga om eit godt skulesamfunn for alle.

2.2 Rettar

Elevane har krav på :

- eit godt lærings-og skulemiljø
- å bli behandla på ein skikkeleg måte
- å ikkje bli utsett for krenkjande ord, handlingar eller mobbing

2.3 Plikter

Elevane har plikt til å:

- arbeide for eit godt lærings-og skulemiljø
- behandle andre på ein skikkeleg måte
- vise andre respekt og ikkje øydelegge noko på skulen eller for andre
- ikkje utsette andre for krenkjande ord, handlingar eller mobbing

Kapittel 3 Reglar og sanksjonar

3.1 Reglar for orden og åtferd

Skulen er ein lærings-og arbeidsplass for mange menneske, både barn, unge og vaksne. Saman har vi ansvar for at skuledagen blir bra. Det er viktig å skape eit godt arbeidsmiljø både for elevar og tilsette på den enkelte skule. Elevane skal følgje vanlege reglar i samfunnet, alminneleg god folkeskikk.

Det tyder at elevane skal:

- vise omsyn og respekt for andre
- halde arbeidsro i timane og vise respekt for undervisninga
- møte presis til timar og avtalar
- gjere skulearbeidet til rett tid
- ha med nødvendige bøker og utstyr
- halde god orden
- halde område på skulen reint og og ryddig
- ta godt vare på alt som høyrer skulen til, både inne og ute, og stelle fint med skulebøker og anna undervisningsmateriell
- ta godt vare på personlege ting, og unngå å ta med verdisaker på skulen.

Dette er ikkje tillate:

- krenkjande språkbruk, slåsting og øydelegge for andre i leiken
- krenkjande ord og handlingar knytt til kjønn, religion, legning eller nasjonalitet
- mobbing og plaging
- å ha med våpen og farlege gjenstandar
- å ha med tobakk, snus og andre rusmiddel
- å forlate skulen utan løyve

3.2 Sanksjonar

Alle sanksjonar skal vere slik at elevane forstår kva for reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Sanksjonar skal stå i rimeleg forhold til brot på ordensreglement. Eleven skal dersom det er muleg, få høve til å gjere opp for seg.

Fysisk refsing er ikkje tillatt, men fysisk arbeid som rydding, vasking... er lov. Kollektiv avstraffing kan ikkje nyttast for handlingar utøvd av enkeltelevar.

Elevane pliktar å rette seg etter ilagde sanksjonar. Som hovudregel skal det berre nyttast sanksjonar som følgjer av lov eller reglement. Dersom det finst særskilde grunnar for det, kan også andre sanksjonar av mindre omfang nyttast.

Brot på reglar som følger av lov eller reglement, kan føre til sanksjonar etter reglane i dette kapittel, dersom ikkje noko anna er nemnt.

3.2.1 Tiltak mot brot på ordensreglementet

Brot på reglane kan medføre følgjande tiltak etter kor alvorleg det er:

- munnleg åtvaring
- munnleg melding til foreldre/føresette
- skriftleg melding til foreldre/føresette
- pålegg om oppgåver for å rette opp skade/hærverk
- møte på skulen før eller etter skuletid for samtale/utføring av pålagde oppgåver
- utestenging frå spesielle arrangement/
- overføring til annan klasse/skule
- inndraging av gjenstandar brukt på ein farleg eller provoserande måte
- nedsett karakter i orden og/eller åtferd

3.2.2 Bortvising

Ved bruk av vald og/eller trugsmål, særleg provoserande åtferd eller andre grove brot på ordensreglementet, kan elevar på 8.-10.trinn bli:

- bortvist frå klassen/gruppa resten av timen/arbeidsperioden
- bortvist frå klassen/gruppa resten av dagen
- bortvist frå skulen i inntil 3 dagar

Elevar på 1.-7.trinn kan bli

- bortvist frå klassen/gruppa resten av timen/arbeidsperioden
- bortvist frå klassen/gruppa resten av dagen

Rektor tar avgjerd om bortvising, men kan delegere avgjerdsmynde til lærarar for bortvising av inntil 2 timar. Ein lærar kan kun vise eleven bort frå undervisninga, men ikkje bort frå skulen.

Ved bortvising frå skulen skal eleven ha fått høve til å uttale seg før tiltaket blir sett i verk.

Føresette skal så langt det er muleg varslast.

[Opplæringslova §2-10., Bortvising](#)

3.2.3 Flytting av elev til annan skule

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule enn nærskulen, utan at føresette gir sitt samtykke.

Før eit evt. vedtak om flytting blir gjort, skal ein ha prøvd andre tiltak.

[Opplæringslova §8-1, 3.ledd, Skolen.](#) Rådmannen tar avgjerd om dette.

3.3 Konkrete regelbrot og sanksjonar

3.3.1 Fråver

Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Når det er skulefagleg forsvarleg, kan rektor etter søknad gi den enkelte elev permisjon i inntil to samanhengande veker. Ved permisjon utover to veker blir eleven skriven ut av skulen, og føresette har ansvar for at barnet får tilsvarende undervisning i annan skule/heimeundervisning

[Opplæringslova §2-11 Permisjon frå den pliktige opplæringa](#)

Søknad må sendast skulen i god tid, og kontaktlærer/faglærer skal uttale seg før rektor tar avgjerd. Stort fråver kan medføre at skulen ikkje har fagleg vurderingsgrunnlag, og eleven vil då kunne risikere å ikkje få karakter i fag. [Forskrift til Opplæringslova §3-3, 3.ledd, Grunnlaget for vurdering i fag.](#)

Elevane har plikt til å møte presis til undervisninga, og delta i undervisninga.

Ugyldig fråver er brot på ordensreglementet, og skal takast med når ordenskarakteren blir sett.

Ved sjukdom skal skulen få melding så snart som råd.

Ugyldig fråver

Dersom eleven kjem for seint gjentatte gongar, eller er ulovleg borte frå skulen, skal heimen kontaktast for å få klarlagt årsaka. Dei tiltaka som blir iverksett, må ein sjå i samheng med årsaka og kor ofte dette førekjem.

Føresette skal involverast når fråværet, inkludert forseintkomming, går ut over eleven si læring og verkar forstyrrende i klassen. Føresette må få informasjon om ansvaret for at eleven møter på skulen, [Opplæringslova §2-1 Rett og plikt til grunnskuleopplæring](#)

Anna fråver

Alt fråver skal førast. Fråver skal førast i dagar og enkelttimar.

Frå 1.08.2009 blei alt fråver frå og med 8.trinn ført på vitnemålet. Eleven/føresette kan krevje at årsaka til fråveret blir ført på eit eige vedlegg til vitnemålet, dersom det blir lagt fram dokumentasjon på fråveret.

Før inntil 10 skuledagar i eit opplæringsår kan eleven/føresette krevje at følgjande fråver ikkje blir ført på vitnemålet:

- innvilga permisjon etter [Opplæringslova §2-11 Permisjon frå den pliktige opplæringa](#)
- dokumentert fråver ved legeerklæring som skuldast helsegrunnar. Dei tre første dagane blir likevel førte, det er først ved den fjerde fråversdagen fråtrekket gjeld.

Kven kan innvilge permisjon:

- kontaktlærer kan innvilge permisjon etter delegasjon frå rektor
- rektor kan innvilge permisjon i inntil to veker

[Opplæringslova §2-11 Permisjon frå den pliktige opplæringa](#)

Følgande permisjonar kan bli innvilga:

- elevar som høyrer til trussamfunn/religionar utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad frå føresette rett til å vere borte frå skulen dei dagane deira trussamfunn/religion har heilagdagar
- deltaking i arbeid for ideologiske/politiske/humanitære organisasjonar, minst på fylkesplan
- deltaking i idrettsarrangement, minst på fylkesplan
- deltaking på større offentlege kulturarrangement
- lege- og tannlegebesøk
- gravferd
- andre større familiesamankomster, den dagen feiringa føregår
- turar organisert av føresette, der alle elevane får tilbod om å vere med

Fråver som blir ført, men som ikkje tel med i samandraget:

- skuleadministrative oppgåver, td. elevråd
- testar og utgreiing hos PPT, BUP og liknande
- deltaking i Ungdommen kommunestyre
- deltaking i aktivitetar knytt til opplæringa, td.hospitering i faget Utdanningsval
- deltaking i skuleturneringar
- innkalling/besøk hos skuletannlege, skulelege/helsesøster/fysioterapeut

3.3.2 Mobbing og valdeleg åtferd

Vald og truslar om vald skal ikkje akseptast i skulen i Kvinnherad. Mobbing er fysisk/psykiske angrep over tid retta mot ein /fleire elevar/tilsette, og må reknast som vald.

Den enkelte skule skal ha eit handlingsprogram som omhandlar elevane sitt psykososiale miljø etter [kap.9a i Opplæringslova, Elevane sitt skolemiljø](#).

Elevar som kjem med trugsmål om vald/ utøver vald, kan visast bort frå undervisninga/skulen etter reglane i pkt.3.2.2. Skulen skal ta kontakt med føresette til elevar som mobbar og føresette til den/dei som blir mobba.

3.3.3 Farlege gjenstandar

På skulen sitt område er det ikkje lov å ta med seg farlige gjenstander som kan skade andre. Farlege gjenstander vil bli inndradd av skulen, og vil bli overlevert føresette. Ulovlege gjenstandar kan bli overlevert til politiet.

3.3.4 Rusmiddel

Det er forbode å vere rusa, bruke, oppbevare, omsetje eller ha med seg tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre typar rusmiddel på skulen. Skulen kan inndra rusmiddel.

Tobakk, snus og alkohol vil bli overlevert føresette. Ulovlege rusmiddel vil bli overlevert politiet.

3.3.5 Ransaking

Har ein mistanke om straffbare forhold knytt til pkt. 3.3.3 og /eller pkt.3.3.4, kan leiinga ved skulen be politiet om hjelp til ransaking. Føresette må så langt det let seg gjere varslast på førehand.

3.3.6 Hærverk/skadeverk på skulen

Skade/hærverk gjort med forsett på skulebygg , utstyr og bøker, kan medføre erstatningskrav overfor føresette. Dette gjeld òg skade påført kle, utstyr og anna til medelevar/tilsette.

[Skadeerstatningslova §§ 1-1 og 1-2](#). Erstatningspliktig for inntil kr.5.000.

Elevar som gjer skadeverk, kan bli pålagt å rydde opp etter seg/utbetre skader.

3.3.7 Mobiltelefon og kamera

Den enkelte skule vedtar reglar og sanksjonar for bruk av mobiltelefon og kamera i skuletida. Det er ikkje tillate å filme eller ta bilde av medelevar eller tilsette utan at dei seier det er greit.

3.3.8 Internett

Internett på skulen skal berre brukast knytt til undervisning. Dette skal ikkje hindre at internett kan brukast av elevar utanom den organiserte undervisninga.

Den enkelte skule vedtar reglar og sanksjonar for bruk av internett i skuletida, og kan inngå brukaravtalar med elevane for bruk av skulen sitt datautstyr utanom den organiserte undervisninga.

3.3.9 Fusk

Fusk eller forsøk på fusk blir rekna som brot på ordensreglementet, og kan få konsekvensar for eleven sin karakter i åtferd. Bruk av hjelpemiddel som ikkje er tilatt, samt kommunikasjon med andre i ein prøvesituasjon, blir å rekna som fusk.

Det same gjeld ved kopiering/plagiering av andre sine arbeid som blir innlevert som eige produkt. Karakteren på ein slik prøve vil bli annullert. Konsekvensen av dette er at vurderingsgrunnlaget i faget blir svekka, og kan resultere i at det ikkje blir gitt karakter.

Fusk eller forsøk på fusk til eksamen , nærmare prosedyrar i

[Forskrift til Opplæringslova §3-37, 4. og 5.ledd, Annullering av eksamen](#)

3.3.10 Straffbare forhold

Dersom det ligg føre mistanke om straffbare forhold, kan skulen be politiet om hjelp til å gjennomføre kontroll eller andre tiltak.

Alle typar straffbare forhold som skjer på skulen bør meldast til politiet. Straffbare forhold skal meldast uavhengig om det gjeld ein elev eller ein tilsett. Rådmannen tar avgjerd.

Dette gjeld tjuveri, vald, truslar, valdtekt, utuktig omgang med mindreårige, lekamsskading, narkotika, rasistiske utsegner, utpressing, tvang, hærverk/skadeverk, sjikane pga religion, legning, nasjonalitet eller kjønn og oppbevaring og/bruk av våpen.

Rektor vurderer kor alvorleg den straffbare handlinga er, og kan i første omgang be politiet om å snakke med elev og føresette, utan at det blir ei formell meldesak.

Skulen skal om muleg varsle føresette før politiet blir kobla inn. Blir eit straffbart forhold meldt til politiet, skal føresette ha skriftleg varsel.

Kap.4 Fastsetting av karakterar i orden og åtferd

- Ved fastsetting av karakterar i orden og åtferd skal ein ta omsyn til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet for grunnskulen i Kvinnherad og den enkelte skule sitt reglement.
- Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd, arbeidsvanar, og arbeidsinnsats. Dette er knytt til om eleven møter presis, følger opp arbeid som skal gjerast og har med nødvendige læremidlar og utstyr.
- Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven er mot medelevar,, tilsette i eller utanom opplæringa. Det inneber at eleven viser omsyn og respekt for andre.
- Vurdering i orden- og åtferd skal vere atskilt frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.
- I vurdering av orden og åtferd skal det takast omsyn til eleven sine føresetnader. Til vanleg skal ein ikkje legge avgjerande vekt på enkelthendingar, unntatt når desse er særleg klanderverdige eller grove.

Kap.5 Sakshandsaming

Sakshandsaming av brot på ordensreglementet følgjer reglane i [Opplæringslova § 2-9, 4.ledd og §2-10, 2.ledd](#), samt sakshandsamingsreglane i forvaltningslova, særleg kapittel III - VI ved enkeltvedtak. [Forvaltningslova, kap.III-VI](#).

Før alle typar alvorlege refsingsvedtak blir sett i verk, har elevane krav på å få forklare seg ovanfor den/dei som skal fatte vedtaket. Eleven har rett til å ha med seg ein person i møte med skulen. Vedtaket skal innehalde ei grunngiving.

Føresette skal få informasjon om kva saka gjeld, og avgjerda som skulen har tatt. Ved alvorlege brot skal føresette/elev over 15 år varslast før vedtaket blir sett i verk.

Eit enkeltvedtak er ei avgjerd som eleven/føresette kan påklage etter forvaltningslova kapittel VI. Fylkesmannen i Hordaland er klageinstans, men klagen skal alltid rettast til skulen.

Også ved avgjerder som ikkje er rekna som enkeltvedtak, skal følgjande sakshandsamingsreglar i alle tilfelle gjelde:

Skulen pliktar å syte for at saka blir så godt opplyst som råd, og at avgjerda baserer seg på eit grunnlag som er forsvarleg etter kva saka gjeld.

Eleven skal så vidt muleg varslast og bli lagt føre relevante opplysningar i saka med høve til å uttale seg til den skal som skal treffe avgjerda, før avgjerd blir gjort. I alvorlege saker skal føresette så vidt muleg kontaktast. Varselet kan gis munnleg, men ved avgjerder som betyr mykje bør grunngjevinga vere skriftleg.

Avgjerda skal grunngjevast, med å vise til kva for regel som er brote, faktum i saka som er lagt til grunn og dei vurderingane som er gjort. Grunngjevinga skal gis samstundes med at eleven vert informert om avgjerda, med mindre særskilde høve gjer dette vanskeleg. Grunngjeving kan gis munnleg, men ved avgjerd som betyr mykje bør grunngjevinga gis skriftleg.

Kap.6 Iverksetting

Forskrifta om felles ordensreglement gjeld frå skuleåret 2011-2012, og skal gjerast kjent for elevar, føresette og tilsette kvart år ved starten av skuleåret. Dette er skulane sitt ansvar.

Ordensreglementet vil bli endra i tråd med endringar i gjeldande lover og forskrifter.

Reglementet skal til ei kvar tid finnast på skulen og kommunen si heimeside.

